## Tysk hjelp til norske eple

Nye lagringsmetodar frå Jork utanfor Hamburg skal syte for at vi får kjøpe norske eple store delar av året, fortel NRK. Det er dermed ein etterlengta draum som no blir røyndom i fruktbygda Gvarv i Telemark.

— Vi grev no ut tomta til det nye fruktlageret som truleg blir Noregs mest avanserte. Vi er i forhandlingar med leverandørar til eit nytt og moderne lagringssystem som skal sikre norsk frukt i butikkane i alle fall til over jul neste år, seier dagleg leiar i Telefrukt, Svein Børte, til NRK. Sesongen for norske eple er kort. 90 prosent av alle epla i butikkane rundt juletider er importerte. (NPK)

## Varslar lovendring om deltid

Arbeids- og sosialminister Anniken Hauglie (H) varslar lovendringar som vil prioritere utvida stilling til deltidstilsette framfor nytilsettingar. — Det vil no bli vanskelegare for ein arbeidsgivar å lyse ut stillingar utan å skjele til korleis stillingsbrøken er for dei andre tilsette. Eg håpar det kjem til å bidra til heilare stillingar, og fleire heiltidsstillingar, seier Hauglie til Dagbladet. Bakgrunnen for lovendringa er ein dom frå Høgsterett frå 2016, som tolka lova slik at deltidstilsette ikkje har rett til å utvide si stilling på denne måten. Sidan då har retten for deltidstilsette til å auke si stilling blitt avgrensa, hevdar departementet. Tal frå departementet viser at 656.000 personar jobbar deltid i Noreg. Om lag 450.000 av desse er kvinner. Det er spesielt mange deltidstilsette innan pleie og omsorg. (NPK)

# Dette er ein fylkesveg




*Tore Flydal (t.v.), Bjarte Hornenes og Jan Molnes krev at Hordaland fylkeskommune tek grep for å få fylkesvegen mellom Etne og Skånevik i betre stand. Her måler dei 20 centimer differanse mellom spora ved sida av vegen og midtpunktet av vegen.*

FOTO: TORSTEIN TYSVÆR NYMOEN

**På Strondavegen, fylkesveg 34 mellom Etne og Skånevik, er det inntil 20 centimeter djupe spor i vegdekket. — Bilane våre blir øydelagde, fortvilar bebuarane som håpar dei ansvarlege ordnar opp.**

TORSTEIN TYSVÆR NYMOEN

Bebuarar langs Strondavegen, gamlevegen mellom Etne og Skånevik, er lei av å måtte sende bilane sine på stadige reparasjonar som følgje av stor slitasje.

Dei skuldar på vegen for dei mange verkstad-besøka på vegen som dei er avhengige av å bruke kvar dag.

— Sjå her, det er nesten 20 centimeter frå hjulsporet og opp til øvste punktet midt på vegen, seier ein oppgitt Jan Molnes.

### Bilene tar nedi

Me er like nord for Børkjenes. Saman med naboane Tore Flydal og Bjarte Hornenes måler han differansen ved hjelp av ein bjelke, ein vater og ein linjal.

— Me bur her, og er avhengige av at vegen er i stand. Det har den ikkje vore på over 20 år, seier dei.

Nokre stadar tek understella på vanlege personbilar ned i vegdekket.

— Me er jo blitt kjende med kor me ikkje kan køyre. Men kjem du her og er ukjend er det fort gjort å ta nedi og øydelegge bilen, seier dei.

### Mykje tungtransport

Jan Molnes fortel at han også opplever det som farleg å sykle langs vegen på grunn av mange sår i vegbanen.

— Og det er mykje tungtransport her. Mange aktørar vel å ta denne vegen til og frå Skånevik framfor for å køyre fylkesveg 48 over Håland for å spare drivstoffutgifter. Det slit jo ikkje mindre på denne dårlege vegen, seier dei.

### Krev tiltak

Dei kjenner seg gløymde av fylket, og kan ikkje forstå at dei skal vere nøydde til å ha det slik år etter år. Dei står fram i lokalavisa med håp om at ansvarlege vegbyråkratar og politikarar blir merksame på korleis forholda er.

— Det er lagt ut flotte bustadtomter i denne delen av kommunen, men me høyrer at folk er skeptiske til å byggje hus her, som følgje av den dårlege vegen, seier Tore Flydal.

Då Grannar kontakta samferdsleavdelinga ved Hordaland fylkeskommune, viste dei alle spørsmål frå pressa til fylkesdirektør for samferdsel, Håkon Rasmussen. Han hadde fredag ikkje høve til å svare på spørsmål om kor lenge bebuarane langs fylkesveg 34 må leve vidare med den dårlege vegen.

> *me er avhengige av at vegen er i stand. Det har den ikkje vore på over 20 år*
>
> TORE FLYDAL



*Mykje tungtransport slit også på den dårlege vegen.*




*Om du ikkje er forsiktige, er det fort gjort at bilen din tek nedi vegen når du kjem til Børkjenes på fylkesveg 34.*